



Arbeidarpartiet



VOLDA ARBEIDARPARTI

Vi gjer Volda betre

Volda Arbeidarparti

Program for perioden 2023 – 2027

Volda Arbeidarparti ynskjer at Volda kommune skal vere eit inkluderande og mangfaldig samfunn. Vi vil gjere Volda til ein meir berekraftig, framtidsretta og grøn kommune. For å oppnå dette, treng vi gode, føreseielege kommunale tenester og god samhandling mellom offentlege, private og frivillige krefter. I ei tid med aukande renter og levekostnader for vanlege folk, vil Volda Arbeidarparti søkje å avgrense veksten i kommunale avgifter så langt råd er. Omfordeling og omstilling vert viktig, vi vil freiste å skjerme dei som har minst å rutte med.

Volda Arbeidarparti sine toppsaker:

1. Volda Ap sin oppvekstvisjon: **Mobbefri oppvekst i Volda**
 - a Årleg leikeplassmillion
 - b Godt og trygt læringsmiljø i alle skulane, gjennom systematisk arbeid på alle nivå
 - c God pedagogtettleik i barnehage og skule
 - d Miljøkoordinatorar i grunnskule og vidaregåande skule
2. Volda Ap sin veljarlovnad: **Ingen sjukeheims plass skal leggst ned i komande periode**
 - a Alle som ikkje lenger kan bu heime skal få tilbod om kommunal institusjonsplass
 - b Meir sosial bustadbygging – fleire eldrebustader – nye buformer
3. Aktiv næringspolitikk – sentrumsutvikling
 - a Volda skal vere ein ja-kommune
 - b Bidra til å skape møtestadar mellom næring-akademia-frivilligheit og det offentlege
4. Turveg rundt Rotevatnet



Born og unge

Volda Arbeidarparti vil jobbe for å skape gode tilbod innan barnehage, skule og SFO for born i heile kommunen. Vi ynskjer å forebygge gjennom tidleg innsats, god integrering og tiltak som bidreg til å hindre utanforskap og mobbing.

- Auke bemanning og sikre god pedagogtettleik i barnehage og skule
- Styrke utlånsordningane for utstyr, spesielt med tanke på born og unge med nedsett funksjonsevne
- Sikre eit mangfaldig og desentralisert kulturskuletilbod og tilby instrumentopplæring som del av grunnskulens musikkundervisning
- Samarbeide med og støtte frivillige lag- og organisasjonar, særleg dei som gir tilbod om uformelle og uorganiserte fritidsaktivitetar for born og unge
- Sikre drift av ungdomsklubbane i Volda sentrum og i Hornindal

Helse og omsorg

Tidleg innsats er avgjerande viktig for å oppnå god folkehelse og hindre utanforskap. God tilrettelegging og vekt på universell utforming gir auka deltaking. Volda Arbeidarparti vil jobbe for å oppfylle måla om eit aldersvenleg samfunn, slik det vert framstilt i kvalitets-reforma «Leve hele livet». Samarbeid med frivillige og pårørande vert avgjerande for at fleire kan bu heime så lenge som dei ynskjer.

- Ha tilstrekkeleg med institusjonsplassar for å møte behovet til dei som ikkje kan bu heime
- Jobbe for å auke talet på fastlegar og psykologar
- Styrke heimesjukepleie- og nattevakttilbodet
- Utvide bruken av velferdsteknologi
- Gi eldre som bur heime eller på institusjon tilbod om aktivitet og god mat
- Støtte opp om dei regionale helsetilboda som Volda sjukehus, rehabilitering og distriktpspsykiatrisk senter i Volda
- Nytte ulike ordningar, td gjennom Husbanken for å bidra til god tilrettelegging i private bustader – flest mogleg skal kunne bu heime lengst mogleg dersom dei ynskjer det

Næringsutvikling

Volda Arbeidarparti vil stimulere til nyskaping og breidde, spele på lag med både eksisterande og nyetablerte bedrifter og arbeidstakarorganisasjonar for å sikre føreseielege rammevilkår for industri, og andre typar næringar i Volda og regionen. Kriser som pandemi og krig har aktualisert omgrep som sjølvforsyning og jordvern.



- Legge til rette for og stimulere til berekraftig næringsutvikling og turisme
- Aktivt bidra til at det kommunale eidendomsselskapet Volda utvikling AS får realisert planane om Aasenkvartalet
- Sikre areal til næringsutvikling og vidare vekst
- Satse på kombinert nærings- og bustadbygging i Volda sentrum
- Styrke landbruket, mellom anna ved støtte til kjøp av mjølkekvoter
- Oppretthalde eit strengt jordvern. Dersom dyrka mark må brukast, syte for reetablering av dyrka mark i minst like stort omfang

Arbeidsliv og Volda kommune som arbeidsplass

Alle fortener eit trygt og seriøst arbeidsliv. Vi støttar opp om Arbeidarpartiet si opprydding i arbeidslivet. Forsterka rettigheter gjennom fornying av arbeidsmiljølova og rett til heiltid er viktig både nasjonalt og lokalt. Lokalt vil vi gjere det vi kan på dei områda vi rår over. Vi ynskjer heiltidskultur, kompetanseheving og brei rekruttering på alle nivå. Volda Ap meiner heiltidskultur må på plass skal kommunen greie å levere stabile og gode tenester i framtida. Tilsette i deltidsstilling skal ha rett til full stilling om dei ynskjer det.

- Volda kommune skal ha eit inkluderande arbeidsliv
- Prioritere leiaropplæring på alle nivå i organisasjonen
- Utvide bruken av velferdsteknologi
- Hindre at kommunale arbeidsplassar og tenester vert svekka gjennom privatisering og konkurranseutsetting
- Auke fokuset på å rekruttere lærlingar til kommunen, opprette fleire lærlingplassar, og vere ei god lærebedrift og stimulere eigne tilsette til å ta fagbrev
- Legge vekt på godt arbeidsmiljø og trepartssamarbeid

Miljø og klima

FN sine berekraftsmål må vere grunnlaget for all kommunal planlegging og aktivitet. Vi må redusere vår påverknad på miljøet og vi må førebu oss på klimaendringane som kjem.

- Utvikle gode tilbod innan kollektivtransport i heile kommunen
- Bygge sykkelhotell i nærleiken av dei største arbeidsplassane og legge til rette for sykkelparkering under tak



Foto: Volda kommune

- Innføre fleire tiltak som stimulerer til omlegging frå bruk og kast til sirkulærøkonomi, til dømes gjenbruk-/reparasjonsentral, ordningar for utlån og deling
- Legge til rette for bygging av fleire gang- og sykkelveggar for å redusere bilbruken
- Redusere bruken av plast i all kommunal aktivitet

Samfunnsutvikling og kultur

Den positive utviklinga i Volda må halde fram. Mange initiativ har vekse fram dei siste åra, vi heiar på alle som har gode idear. Volda skal vere ei ja-kommune som møter initiativ med ei positiv haldning. Trivsel handlar også om vedlikehald av bygg, stell av kommunale areal og uteområde som innbyr til aktivitet.

- Halde fram med sentrumsprosjektet, halde fram med strategisk eigedomskjøp og bidra til fornying og eit levande Volda sentrum
- Fullføre innvendig ombygging av Samfunnshuset som allaktivitetshus med mellom anna ny kino og ungdomsklubb
- Legge til rette for eit mangfald av kulturaktivitetar for menneske i alle aldrar og med ulike interesser og føresetnader
- Forlenge turvegen rundt Rotevatnet i samsvar med Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune, vedteken i kommunestyret 12.08.21
- Legge til rette for bustadbygging der folk vil bu og til ei kvar tid ha tilgjengelege kommunale bustadtomter
- Utvikle ein god infrastruktur med sykkel- og gangstiar som bitt bustadområde saman og sikrar tryggare og betre tilkomst til arbeidsplassar, skular og friluftsområde som til dømes badeplassar
- Oppretthalde Grodås som kommunedelsentrum med offentlege og private servicetilbod
- Støtte opp om eksisterande og nye møteplassar der folk bur og ferdast
- Vidareutvikle området rundt Gro-parken og sentrum i Hornindal

Volda i regionen

Volda har ei sentral plassering i regionen, folketalet veks og vi har eit mangfald av arbeidsplassar, studietilbod og regionale tenester. Volda Arbeidarparti ynskjer å styrke og vidareutvikle Volda som eit naturleg sentrum for Søre Sunnmøre.



- Utvikle Volda som sentrum i regionen ved å styrke regionale funksjonar som sjukehuset, høgskulen, tannhelsetenesta, den vidaregåande skulen og tingretten
- Aktivt jobbe for å rekruttere personar med etterspurt kompetanse til kommunen og regionen
- Arbeide for snarleg realisering av Voldatunnelen utan bom på sideveg
- Arbeide for snarleg realisering av vegprosjekt som fv. 60 Tomasgard – Røyarhus bru, Rv. 15 Strynefjellet, E39 Grodås – Byrkjelo
- Støtte arbeidet for bru over Dalsfjorden og Voldsfjorden finansiert med ferjeavløysingsmidlar
- Betre busstilbodet med flybuss, ringbuss og fleire avgangar mellom Furene og Kjøs bru
- Betre ferjetilbodet mellom Volda – Folkestad og Volda – Lauvstad
- Arbeide for utviding av rutetilbodet ved flyplassen med dagleg avgang til Trondheim



Sverre Leivdal



Margrete Trovåg



Roger Andre Solheim



Connie
Steffenakk Bakke



Lars Alv Haugen



Ingunn Arnesen



Milan Ilic



Brynhild Solvang



Bjørnar Sæterås



Morten Osdal



Amanda Trovåg
Bjørneset

Amanda er ungdoms-
kandidaten til Volda
Arbeidsparti. Ho brenn
for at born og unge skal
ha gode oppvekstvilkår
i kommunen vår.

Valliste for Volda Arbeidarparti 2023

1. Sverre Leivdal	1969
2. Margrete Trovåg	1968
3. Roger Andre Solheim	1978
4. Connie Steffenakk Bakke	1968
5. Lars Alv Haugen	1966
6. Ingunn Arnesen	1959
7. Milan Ilic	1953
8. Brynhild Helene Solvang	1955
9. Bjørnar Sæterås	1973
10. Amanda Trovåg Bjørneset	2000
11. Oddbjørn Petter Nes	1947
12. Jan Henning Egset	1956
13. Elsa Eilertsen Raftevold	1950
14. Jørgen Einar Amdam	1945
15. Helga Iren Kvien	1975
16. Lena Kristin Lillestøl	1980
17. Magnar Sunde	1961
18. Charlotte Heggen	1972
19. Morten Osdal	1967
20. May Britt Irene Lillestøl	1960
21. Roar Henrik Berg	1943



BLI MED PÅ LAGET
SEND SMS «**AP**» TIL **2077**